



# DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

## Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

**Tid:** 30.11.2021 kl. 15:15-17:00

**Stad:** ASKVOLL KYRKJE

---

### Frammøtte:

Jostein Gryte	Leiar
Wenche Ness Gabrielsen	Nestleiar
Arnt Johny Langeland	Medlem
Kjell Olav Høstaker Nordheim	Medlem
Karen Anny Espedal	Medlem
Kristin Rivedal Yndestad	Medlem
Ingvild Loftheim	Varamedlem

---

### Forfall:

Solfrid Løvik Hellevang	Medlem
Ole Kistrup Vilnes	Medlem
Jarle Magnus Vilnes	Medlem
Bjørn Arne Mjåseth	Medlem
Terje Mork	Medlem
Lillian Oddekalv Gjervik	Medlem

### Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

---

### Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
SR 2021/42		Godkjenning av innkalling og dagsorden	RUNE ZIENER
SR 2021/43		Godkjenning av protokoll frå soknerådsmøte 21.09.2021	RUNE ZIENER
SR 2021/44		Skriv, meldingar og drøftingar	RUNE ZIENER
FR 2021/45		Ny foldevegg i Kvammen kapell	RUNE ZIENER
FR 2021/46		Vilnes kyrkje – alternative løysingar for vassforsyning for brannsikring	RUNE ZIENER
FR 2021/47		Budsjettjustering 2021 - drift	RUNE ZIENER
SR 2021/48		Høring om ny kyrkjeleg organisering	RUNE ZIENER
SR 2021/49		Gudstenesteplan 1. halvår 2022	RUNE ZIENER

SR 2021/50		Offerliste 3. januar til over påske	RUNE ZIENER
SR 2021/51		Konfirmasjonar på laurdag	RUNE ZIENER
SR 2021/52		Prostevisitas og førebuing av bispevisitas	RUNE ZIENER
SR 2021/53		Gjeninnføring av kyrkjeofring med kontantar	RUNE ZIENER
SR 2021/54		Val av leiar og nestleiar i Askvoll sokneråd	RUNE ZIENER

Askvoll, 30.11.2021

Rune Ziener  
referent

---

## SR 2021/42 Godkjenning av innkalling og dagsorden

### INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden som dei ligg føre.

### MØTEHANDSAMING

Kyrkjeverja la fram eit noko justert saksframlegg til sak SR 2021/50 i møtet, og det vart lagt fram tre ekstra skriv/drøftingar.

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkallinga og dagsordenen.

---

## SR 2021/43 Godkjenning av protokoll frå soknerådsmøte 21.09.2021

### INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 21.09.2021 slik den ligg føre.

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 21.09.2021 slik den ligg føre.

---

## SR 2021/44 Skriv, meldingar og drøftingar

### UTGREIING

Følgjande skriv, meldingar og drøftingar var framme i møtet:

M 2021/34: COWI AS: *Vurdering av ulike typer slokkeanlegg* (04.10.2021)

M 2021/35: Bjørgvin bispedømme: *Tildeling av midlar til diakoni i Bjørgvin - 2021: Askvoll kyrkjelege fellesråd "Treårig prosjekt musikk-terapi"* (01.10.2021)

M 2021/36: Referat Askvoll kyrkjelydsutval 29.11.2021

M 2021/37: Referat Holmedal kyrkjelydsutval 29.11.2021

M 2021/38: Mogleg deltaking i prosjektet "inviterende kirke"

### INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

2. Til drøftingssak M 2021/38 får administrasjonen fullmakt til å vurdere om Askvoll sokn skal delta i prosjektet "inviterende kirke".

---

## FR 2021/45 Ny foldevegg i Kvammen kapell

### UTGREIING

I VU-plan og budsjett for 2021 vart det vedteke å kjøpe ny foldevegg til Kvammen kapell i hjørnet i søraust då eksisterande vegg er i svært dårleg forfatning og står i fare for å falle ned, og utgjer såleis ein sikkerhetsrisiko med tanke på persontryggleik.

Det vart i budsjettvedaket sett opp eit kostnadsanslag for dette på kr 24.000,- finansiert med fondsmidlar til Kvammen kapell.

Anslaget på 24.000,- var alt for lågt, og ein har no motteke tilbod på kr 39.000,- frå Saxi Produkter på ny foldevegg med dør. I tillegg vil det komme utgifter til montering, samt evt. anna. Foldeveggen er furupanel overflate og har ei ganske lik utføring som eksisterande skillevegg mellom kyrkjerommet og sidesalen.

På budsjettposten til vedlikehald etc. for kyrkjer står det pr. i dag att resterande ca. kr 47.000,- i unytta budsjettmidlar (inkludert dei 24.000,- som var tiltenkt formålet). Med gjeldande budsjettpost kan ein finansiere ny foldevegg. Kyrkjevevja er i dialog med bispedømmekontoret med tanke på godkjenning av dette nye elementet i kyrkjerommet.

Når det er midlar på budsjettposten, og ein har eit konkret tilbod kan ein gå for dette inneverande budsjettår.

### INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vel tilbodet frå Saxi Produkter på ny foldevegg til Kvammen kapell.
2. Kyrkjevevja syter for godkjenning frå Bjørgvin biskop før bestilling.

### MØTEHANDSAMING

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vel tilbodet frå Saxi Produkter på ny foldevegg til Kvammen kapell.
2. Kyrkjevevja syter for godkjenning frå Bjørgvin biskop før bestilling.

---

## FR 2021/46 Vilnes kyrkje – alternative løysingar for vassforsyning for brannsikring

### UTGREIING

Som kjent vart det denne sommaren avdekka behov for tilleggsløyving til brannsikringsprosjektet på Vilnes, då dette prosjektet vert langt dyrare enn rekna med, særleg når det gjeld planlagt tankløyving. Arbeidet med vanntank og sprenging er pr. i dag avbestilt og sett på vent.

For å få prosjektet fullført i 2021, vedtok Askvoll sokneråd i sak FR 2021/36 å be Askvoll kommune om kr 2.375.000,- i tilleggsløyving til prosjektet i 2021.

Som følge av denne søknaden vart soknerådsleiar og kyrkjeverje invitert til formannskapsmøte 13.10. for å orientere om situasjonen.

Vedtaket i formannskapet denne dagen vart:

**FOR-104/21 Vedtak:** Askvoll formannskap viser til orientering om kostnadsoverskriding i samband med brannsikring av Vilnes kyrkje. Formannskapet forventar at det vert vurdert alternative løysingar av plassering av vanntanken for å få ned kostnaden.

COWI er i etterkant engasjert til å skissere alternative løysingar, samt uttale seg om kontraktsbindingar i prosjektet. Soknet mottok eit notat frå COWI 03.11. (ligg ved) om alternative løysingar.

COWI meiner at alternativ plassering vil vere ei billegare løysing enn å setje ned tanken på parkeringsplassen. Dette skuldast primært mindre behov for sprenging, særleg om ein kan føreta terrengtilpassingar. Om ein får til alternativ plassering, treng ein heller ikkje dimensjonere tanktoppen for å halde større køyretøy (bussar m.v.), men berre for traktor.

Alternativ plassering er ikkje kostnadsrekna.

Om ein skal plassere tanken utanfor parkeringsplassen, krev det løyve frå grunneigar. Alternativ plassering krev omprosjekteringskostnader i tillegg. Det må også undersøkjast om alternativ plassering vil krevje nye arkeologiske undersøkingar.

Kontraktsforhold:

Om ein skal ha ei ny anbudsrunde på tank og sprenging, forutset det at gjeldande kontrakt med Vestbygg AS er avslutta i forkant.

Kommunedirektøren si innstilling til formannskapet 29. november er at det vert lagt inn kr 2 mill. i 2022 til ferdigstilling av brannsikringa (altså ein reduksjon på kr 375.000,- i forhold til kva soknet ba om i tilleggsløyving i 2021). I dette ligg ein forventning om at soknet finn ei rimelegare løysing for vassforsyninga (tank og sprenging).

Soknet bør få til ei nærare kostnadsrekning/budsjett for alternativ tankplassering for å få eit reelt prissamanlikningsgrunnlag. Dette vil innebere auka kostnad til konsulenttenester.

## **INNSTILLING**

1. Ein opprettheld stans i prosjektet for sprenging og tank, og held fram dialogen med entreprenør, og terminerer ikkje inngått kontrakt.
2. Askvoll sokneråd ber COWI om at det vert utarbeidd eit fullstendig kostnadsestimat/budsjett på alternativ plassering av tank med tanke på prissamanlikning.
3. Askvoll sokneråd gjer sonderingar ift. mogleg avtale med grunneigar mtp. alternativ tankplassering.

## **MØTEHANDSAMING**

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Ein opprettheld stans i prosjektet for sprenging og tank, og held fram dialogen med entreprenør, og terminerer ikkje inngått kontrakt.
2. Askvoll sokneråd ber COWI om at det vert utarbeidd eit fullstendig kostnadsestimat/budsjett på alternativ plassering av tank med tanke på prissamanlikning.
3. Askvoll sokneråd gjer sonderingar ift. mogleg avtale med grunneigar mtp. alternativ tankplassering.

---

## FR 2021/47 Budsjettjustering 2021 - drift

### UTGREIING

Ulike forhold gjer det nødvendig å justere driftsbudsjettet for 2021.

I hovudsak er budsjettjusteringa følgje av ikkje tidlegare budsjettert tilskot frå rettssubjektet Den norske kyrkja på kr 300.000,- til musikkdiakonalt prosjekt og innsparingar på lønn og sosiale utgifter, då ein har hatt vakanse i organiststillinga i Askvoll i 4,5 månader.

#### Justeringspunkt:

##### *Kyrkjeleg administrasjon:*

1. Meir lønnsauke enn teke høgde for i opphavleg budsjett
2. Følgjekostnad av lønnsauke
3. Følgjekostnad av lønnsauke
4. Ikkje-budsjettert sjukelønnsrefusjon

##### *Kyrkjer:*

5. Innsparing på lønn som følgje av 4,5 mnd vakanse i organiststillinga
6. Følgje av innsparing pga. vakant organiststilling
7. Følgje av innsparing pga. vakant organiststilling
8. Kostnadsauke primært for kjøp av kyrkjemusikartenester siste halvår, som i all hovudsak vert fakturert frå føretak.
9. Post til serviceavtalar låg opphavleg ikkje inne i taldelen i budsjettet
10. Post til alarm låg opphavleg ikkje inne i taldelen i budsjettet
11. Musikkdiakonitilskotet er øyremerkt og skal i bunde fond, då ein ikkje har utgifter på prosjektet i 2021
12. Ikkje-budsjettert sjukelønnsrefusjon
13. Ein fekk ekstra tilskot frå rettssubjektet til musikkdiakoniprojektet, som ikkje er budsjettert
14. Inndekking av førebels underskot etter vedtak i septembermøtet for finansiering av lydanlegg til Kvammen

##### *Gravplassar:*

15. Ekstra ikkje-budsjetterte inntekter for brukarbetaling på gravplassar

##### *Generelt kyrkjelydsarbeid:*

16. Ekstra ikkje-budsjetterte inntekter (koronatilskot) frå rettssubjektet Den norske kyrkja

##### *Trusopplæring:*

17. Teknisk justering, då transportutgifter til konfirmantar låg inne i generelle utgifter i opphavleg budsjett
18. Teknisk justering, då transportutgifter til konfirmantar låg inne i generelle utgifter i opphavleg budsjett

Taldel:

<b>Pkt</b>		<b>Konto</b>		<b>Justering utg.opp/ innt. ned</b>	<b>Justering utg.ned/ innt.opp</b>
1	Kyrkjeleg administrasjon	30100	Fast løn	32 000	
2	Kyrkjeleg administrasjon	30903	Pensjonsinnskot - KLP	6 000	
3	Kyrkjeleg administrasjon	30990	Arbeidsgjevaravgift	4 000	
4	Kyrkjeleg administrasjon	37100	Refusjon sjukepengar		-4 000
5	Kyrkjer	30100	Fast løn		-145 000
6	Kyrkjer	30903	Pensjonsinnskot - KLP		-30 000
7	Kyrkjer	30990	Arbeidsgjevaravgift		-25 500
8	Kyrkjer	31200	Anna forbr.materiell/råvarer og tenester	130 000	
9	Kyrkjer	32400	Serviceavtaler og reparasjonar	50 000	
10	Kyrkjer	32650	Vakthald, alarm m.m.	10 000	
11	Kyrkjer	35500	Avsetnader til bundne fond	300 000	
12	Kyrkjer	37100	Refusjon sjukepengar		-20 000
13	Kyrkjer	38050	Tilskudd fra rettssubjektet Den norske kirke		-300 000
14	Kyrkjer	39800	Rekneskapsmessig meirforbruk	24 500	
15	Gravplassar	36000	Brukarbetaling for kyrkjelege tenester m. opdg		-12000
16	Anna kyrkjeleg verksemd	38050	Tilskudd fra rettssubjektet Den norske kirke		-20000
17	Trusopplæring (0-18 år)	31200	Anna forbruksmateriell/ råvarer og tenester		-20000
18	Trusopplæring (0-18 år)	31700	Transport, drift egne transp.mid. (ikkje oppg.pl.	20000	
	SUM			<u>576500</u>	<u>-576500</u>



## **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd vedtek budsjettjusteringar i driftsbudsjettet for 2021 i samsvar med forslaget frå kyrkjeverja.

## **MØTEHANDSAMING**

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd vedtek budsjettjusteringar i driftsbudsjettet for 2021 i samsvar med forslaget frå kyrkjeverja.

---

## SR 2021/48 Høyring om ny kyrkjeleg organisering

### UTGREIING

#### *Bakgrunn*

Sidan 2005 har Kyrkjemøtet i Den norske kyrkja hatt som mål å samle arbeidsgjevaransvaret for alle som jobber lokalt i kyrkja. I mars 2021 leverte Müller-Nilssenutvalet si utgreiing om korleis dette kan sjå ut med ei organisering på prostinivå. Ei organisering på dette nivået er ikkje blitt handsama tidlegare, og difor bad Kyrkjerådet om ei utgreiing av dette nivået. Organisering på prostinivå er no utgreidd. Det som her skal høyrast, er om dette er modellar som kan nyttast for å teikne ut ei ny kyrkjeleg organisering av Den norske kyrkja.

Kyrkjerådet sender difor rapporten på høyring for å få tilbakemelding på dei ulike forslaga og modellane som Müller-Nilssen-utvalet gjer greie for. I det vedlagte høyringsnotatet blir hovedlinene i utvalet sin rapport presentert, med tilhøyrande høyringss spørsmål.

Høyringsfristen er **1. desember 2021**.

#### *Vidare prosess*

Når høyringsfristen går ut vil innspela bli samanstilte og lagt fram for Kyrkjerådet som skal førebu saka for Kyrkjemøtet. I kyrkjerådssak 37/19 og 59/19 har Kyrkjerådet lagt ein plan om at Kyrkjemøtet skal vedta ny kyrkjeleg organisering i to «omganger». Først eit prinsippvedtak om kyrkjeleg organisering på Kyrkjemøtet i september 2022, før ei ny kyrkjeordning kan skrivast ut og så vedtakast på Kyrkjemøtet i 2023.

Her ligg ikkje føre drøftingar til enkeltpunkt, men det vert vist til høyringsnotatet:  
<https://kirken.no/globalassets/kirken.no/om-kirken/slik-styres-kirken/kirkeradet/2021/h%C3%B8ringer%20i%20kirker%C3%A5dets%20regi/h%C3%B8ring%20ny%20kirkelig%20organisering/h%C3%B8ringsnotat%20til%20kyrkjelege%20instansar%20nynorsk.pdf>

Denne fila ligg ved i elektronisk innkalling til soknerådsmøtet.

**Kyrkjeverja sitt forslag til høyringssvar:**

## **Del 1. Etablering av prostifellesråd og dagleg leiing**

### **Om etablering av prostifellesråd som arbeidsgjevarorgan**

Kyrkjerådet ynskjer å få høyringsinstansane sitt synspunkt på «grepet» med å etablere kommuneoverskridande prostifellesråd til erstatning for dagens kyrkjelege fellesråd, der prostifellesråda vil vere arbeidsgjevar for både dagens fellesrådstilsette og kyrkjelydsprestane.:

Kva er fordelar og mogelegheiter med å etablere eit felles kyrkjeleg organ på eit justert prostinivå der dette prostifellesrådet skal vere arbeidsgjevarorgan for alle dei som arbeider lokalt? [fritekst]

*Soknet vil verte styrka, då det får større direkte innflytelse over personalressursar, også prestane.*

*Målstyringa i verksemda vil verte einsarta og ein unngår energitapping.*

*I mindre fellesrådsområde vil det verte opna for større oppgåvespesialisering for kyrkjevevjene enn det er rom for i dag.*

Kva er ulemper og risiko med å etablere felles kyrkjeleg organ på prostinivå der dette prostifellesrådet skal vere arbeidsgjevar for alle dei som arbeider lokalt? [fritekst]

*Risiko at det ikkje vert nok nærhet mellom arbeidsgivar og dei tilsette som gjer teneste i soknet.*

*Auka avstand til kommunen som bevilgande mynde (med om lag 2/3 finansiering av verksemda).*

Kva tiltak kan setjast i verk for å redusere eventuelle uheldige konsekvensar ved å etablere kommuneoverskridande prostifellesråd? [fritekst]

*Kommunale løyvingar bør i størst mogleg grad verte øymerka til føremål innanfor eigen kommune.*

*Etablere gode strukturar for samhandling mellom leiing og dei tilsette.*

Andre innspel eller synspunkt på det å etablere prostifellesråd som felles arbeidsgjevarorgan for alle dei som arbeider lokalt i kyrkja, og til erstatning for dagens kyrkjelege fellesråd?

*Utfordringa her er å finne balansen mellom «nær nok» og «stor nok».*

Medlemmene i utvalet har lagt vekt på ulike omsyn når dei anbefalar modell for arbeidsgjevarorganisering på prostinivå, og utvalet er difor delt i anbefalinga. Moment som har vore vektlagt er mellom anna kor gjennomførleg modellen er, om den er eigna til å nå målet om at kyrkja skal «henge godt saman lokalt, regionalt og nasjonalt», om den gjev auka mogelegheit for strategisk leiing av kyrkja si verksemd lokalt og om den kan bidra til å nå målet om at Den norske kyrkja skal vere ein attraktiv arbeidsplass med god leiing. Med omsyn til desse momenta og dykkar erfaringar:

Kva modell for arbeidsgjevarorganisering er å anbefale? [Modell 1 / Modell 2 / Modell 3]  
Grunngjev kvifor og spesifiser gjerne kva mål de har lagt mest vekt på (sjå avsnitt 2.3 og kapittel 9 i rapporten) [fritekst].

#### *Modell 1*

*Den primære vektlegginga er at ein får samla arbeidsgivaransvaret og einsretta ressursstyring, når dei som arbeider i kyrkja lokalt har same arbeidsgivar og dermed same demokratisk valde styringorgan og arbeidsgivarstrategiar.*

*Modellen understøtter soknet si rolle som grunnleggande berar av det kyrkjelege oppdrag*

Har høyringsinstansen synspunkt på korleis tilsetjingar bør gå føre seg? [fritekst]

*Prostifellesrådet bør ha eit partssamansett tilsettingsutval med delegert tilsettingsmynde.*

*Som i dag bør det vidareførast at soknerådet i vedkommande sokn den som vert tilsett skal gjere teneste har uttalerett i samband med tilsettinga. Ein bør og vurdere om administrasjonen bør ha utvida rett til tilsettingsmynde ved større einingar, men dette må avgjerast i lokalt reglement.*

I dagens modell er det to arbeidsgjevarlinjer og Kyrkjemøtet har vedteke mål om ei felles arbeidsgjevarlinje. Kyrkjerådet ynskjer å høyre følgjande:

Finst det ein betre modell for å nå målet om ei arbeidsgjevarlinje enn forslaga som er presentert i denne høyringa? I så fall, grunngjev og skildre dette [fritekst].

*Prostifellesrådet er det omgrepet som vert nytta i utgreiinga, sjølv om ein presiserer at det er snakk om eit justert prostinivå. Vi vil sikre nærleik mellom arbeidsgivarorganet og dei som gjer teneste i soknet – ikkje minst geografisk nærleik. Samordna einingar bør difor ikkje vere for store, og i grisgrendte strøk, bør dei nye einingane omfatte berre eit fåtal kommunar, og desse bør etablerast der det allereie ligg føre etablert samarbeid – altså «naturlege» samarbeidseiningar.*

Ynskjer de å oppretthalde dagens ordning med to arbeidsgjevarlinjer, med eventuelle justeringar, på tross av Kyrkjemøtet sitt vedtak om éi arbeidsgjevarlinje? [Ja / Nei / Dersom ja, grunngjev svaret].

*Nei*

## **Dagleg leiiing i prostifellesrådet**

Utvalet har lagt vekt på ulike omsyn når dei anbefalar modell for dagleg leiiing. Moment som har blitt vektlagt er mellom anna om modellen gjev auka mogelgheit for strategisk leiiing av kyrkja si verksemd lokalt og om modellen bidret til målet om å vere ein attraktiv arbeidsplass med god leiiing. Med omsyn til desse momenta og dykkar erfaringar: Kva modell for dagleg leiiing er i sum å føretrekke? [Modell 1 / Modell 2 / Modell 3] [Grunngje kvifor og spesifiser gjerne kva mål de har lagt mest vekt på (sjå avsnitt 2.3 og kapittel 9 i rapporten) [fritekst]].

*Modell 2.*

*Berre denne modellen sikrar reell samordna leiiing, og gir soknet størst mogleg direkte innflytelse over ressursene.*

Finst det andre og betre modellar for dagleg leiiing som er å føretrekke? Forklar kva og korleis den føreslegne modellen på ein betre måte svarar ut måla for arbeidet [fritekst].

*Ingen føretrekne forslag.*

Kva nasjonale krav til kvalifikasjonar bør det bli stilt til den daglege leiaren? [Alternativ 1: Det er tilstrekkeleg at dagleg leiar er medlem og har eit engasjement for kyrkja sin bodskad / Det må bli stilt nasjonale krav i tillegg til dei som er sett opp i alternativ / Har de andre synspunkt på nasjonale krav? [Fritekst]].

*Det bør ikkje stillast nasjonale krav til dagleg leiar. Dette bør vere vurderingar tilsettingsorganet ivaretek.*

Müller-Nilssen-utvalet har nytta omgrepa «kyrkjevevje» og «prost», men har poengtert at desse kan få nytt innhald og nye titlar. Gjeve at innhaldet vil bli noko endra, bør desse at titlane bli vidareført i ny organisering, eller bør dei bli endra? [Titlane bør ikkje bli endra / Titlane bør bli endra / Grunnkje og spesifiser eventuelt forslag].

*Med éin dagleg leiar på nytt prostnivå, kan denne få ein ny tittel – dette kan vere kyrkjesjef eller prostidirektør.*

*Det er ikkje noko i vegen for at leiande prest sin tittel vert vidareført som prost, men denne kan vere kyrkjefagsjef.*

*Med ny organisering, er det åpenbart at dagens kyrkjevevjer får nye roller – dette bør kanskje verte reflektert i nye titlar, t.d. med leiartittel for dei fagområda vedkommande får ansvar for; t.d. økonomisjef, gravplassjef, kyrkjebyggjef etc.*

## **Del 2. Oppgåver og ansvar på dei ulike nivåa**

### **Biskopen si rolle**

Gjeve at arbeidsgjevaroppgåvene vert samla i prostifellesrådet, kva bør bli gjort for å styrke biskopen sitt tilsynsansvar overfor sokn, tilsette og råd? [Fritekst]

*Sikre at biskopen har ein kvalifisert stab som medverker til å ivareta tilsynet.*

Alt etter kva slags arbeidsgjevarmodell som blir valt, kva slags verkemiddel bør biskopen ha for å ivareta si leiar- og tilsynsrolle?

*Vi ser ikkje alternativ til modell 1 eller vidareføring av dagens ordning.*

*Tilsynsrolla til biskopen vil innebere råd, rettleiing og oppmuntring overfor tilsette og råd.*

Gjeve at arbeidsgjevarmodell 2 blir valgt, der dei som arbeider lokalt blir tilsett i RDNK, bør biskopen ha eit sjølvstendig arbeidsgjevaransvar, eller bør biskopen si tilsynsrolle vere frikopla frå arbeidsgjevaransvaret? [Biskopen bør ha eit sjølvstendig arbeidsgjevaransvar / Biskopen si tilsynsrolle bør bli frikopla frå biskopen sitt sjølvstendige arbeidsgjevaransvar / Grunngeving i fritekst].

Biskopen si tilsynsrolle bør vere frikopla arbeidsgjevaransvaret.

*Stiftsdirektøren, som dagleg leiar, kan ivareta dette.*

Kva slags oppgåver meiner høringsinstansen det er viktig at biskopen tek hand om? [Fritekst].

*Biskopens tilsyn bør primært bestå av rådgjeving, oppmuntring overfor råd, tilsette og kyrkjelydar.*

*Ein kan vurdere om biskopen og skal ha sanksjonsmoglegheiter overfor tilsette i vigsla stillingar som åpenbart bryter med kyrkjelege ordningar.*

Er høringsinstansen einig eller ueinig i følgjande tiltak? [Heilt ueinig/litt ueining/verken eller/litt einig/heilt einig. Grunnkje [Fritekst]].

Det må bli etablert ein tydeleg samanheng mellom biskopen, prosten og den øvrige leiinga i prostiet som legg til rette for samarbeid og samhandling innan bispedømet, gjennom faste møtepunkt gjennom året.

*Einig.*

*Ulike organ i kyrkja bør ha felles møtepunkt.*

Biskopen må sikrast ein fagleg kompetent stab.

*Einig.*

*Bispedømmerådets rettleiing overfor lokalkyrkjelydane er svært verdifull og heilt naudsynt.*

Biskopen må sikrast ei rolle i tilsetjings saker [Viss einig, spesifiser korleis?].

*Litt einig.*

*Biskopen bør ha uttalerett før tilsetting i vigsla stillingar.*

Biskopen må kunne kalle inn alle kyrkjelege medarbeidarar til fagsamlingar og kompetansehevande tiltak

*Heilt ueinig.*

*Men biskopen må gjerne invitere til dette.*

Det bør vere korte prostivisitasar for å sikre biskopen dei nødvendige verkemiddel til å utøve tilsynsansvaret på ein god måte.

*Einig.*

*Dette vil understøtte biskopen sin tilsynsrolle.*

## **Bispedømeråda sine oppgaver**

Kva bør vere dei sentrale oppgåvene for bispedømerådet? [Fritekst]

*Støtte opp om sokna og lokalkyrkjelydane.*

*Syte for opplæring av tilsette og andre medarbeidarar.*

## **Oppgaver og ansvar for nytt folkevald organ – prostifellesrådet**

Bør prostifellesrådet ha føremålsbestemming som utvalet foreslår? [Ja / Nei. Dersom nei, spesifiser kva som bør bli endra]

*Ja*

Müller-Nilssen-utvalet har brukt «prostifellesråd» som namn på nytt folkevald organ. Er dette eit godt namn, eller er det andre forslag? [Ja / Nei, spesifiser / Ingen merknad]

*Namnet er ikkje ideelt, då prostiomgrepet er svært framandt for folk flest.*

*Vi føreslær «kyrkjestyret» eller «kirkestyret» på bokmål.*

## Oppgaver og ansvar for soknerådet

Bør soknerådet få eit ansvar for gjennomføring av gudstenester og kyrkjelege handlingar, dvs. det ansvaret som ikkje er avgrensa av forordninga til biskopen, liturgiske bestemmingar frå Kyrkjemøtet og presten sin sjølvstende, gjeve av ordinasjonen? [Ja / Nei / Grunnje i fritekst].

*Ja.*

*Vi ønskjer størst mogleg ansvar lokalt.*

Bør soknerådet si rolle i tilsetjingar av dei som arbeider i soknet bli tydeliggjort og nedfelt i kyrkjeordninga eller i anna kyrkjeleg regelverk? [Ja, dersom ja spesifiser kva og kvifor. / Nei, dersom nei, spesifiser kvifor].

*Ja.*

*Dette kan spesifiserast i kyrkjeordninga som vidareføring av tidlegare bestemmelser i kyrkjelova.*

Er det oppgaver i dag som blir gjort av fellesrådet som heller bør ligge til soknerådet? Og motsett: Oppgaver som i dag ligg til sokneråda som bør ligge hos prostifellesrådet? [Spesifiser i stikkordsform].

*Ingen innspel.*

## Prostimøte

Er det tenleg å opprette eit årleg prostimøte?

[Ja, som et rådgjevande organ for prostifellesrådet innanfor m.a. strategi og satsingar i prostiet / Ja, som eit organ med formell avgjerdsmyndighet som vedtek rammebudsjett, godkjenner årsmelding og rekneskap / Nei. Viss nei, mogeleg å spesifisere kvifor.]

*Ja, som et rådgjevande organ for prostifellesrådet innanfor m.a. strategi og satsingar i prostiet.*

*Eit slikt organ bør ikkje gjevast formell myndighet, då ein då oppretter eit nytt forvaltningsnivå i Dnk.*

## Del 3. Kyrkjeleg demokrati, val og samansetning

Trussamfunnslova sitt kapittel 3 har som føreål å legge til rette for at Den norske kyrkja forblir ei landsdekkande og demokratisk evangelisk-luthersk folkekyrkje. Dette er i samsvar med Den norske kyrkja si sjølvforståing, slik den er uttrykt av Kyrkjemøtet. Eitkvart medlem i Den norske kyrkja som fyller 15 år innan utgangen av valåret, har røysterett i kyrkjelege val. I denne delen er spørsmål knytta til kyrkjeleg demokrati, valordningar og samansetninga av kyrkjelege organ samla.

## Soknerådet og prostifellesrådet

Utvalet har vurdert korleis prostifellesrådet bør veljast, og foreslår at prostifellesrådet blir valt av sokneråda. Er høyringsinstansen einig i dette? [Einig. Begrunn: / Ueinig. Begrunn: / Andre forslag (fritekst)]

*Ideelt sett bør organet veljast ved direkteval. Dette krev meir organisering, så indirekte val er overkommeleg.*

Utvalet foreslår ein representant frå kvart sokneråd i prostifellesrådet. Einig?

[Einig / Ueinig. Viss ueinig, spesifiser endring]

*Ueinig.*

*Ein bør sikre minimumsrepresentasjon med eitt medlem frå kvart sokneråd, men her må ein ta demografiske omsyn. Soknestorleik med tanke på antall medlemmer må verte vekta.*

*I alle høve skal kvart sokn ha minimum ein representant.*

Bør det vere kommunal representasjon i prostifellesrådet?

[Ja, med full røysterett / Ja, med møte- og talerett / Nei / Eventuell fritekstkommentar]

*Ja, med full røysterett.*

Har høyringsinstansen andre synspunkt på soknerådets og prostifellesrådets samansetning? [fritekst]

*Ingen kommentar.*

## **Bispedømerådet**

Kva samansetning av bispedømerådet bør veljast?

[Alternativ 1: Kyrkjemøtemedlemmar valt frå bispedømet (som i dag) / Alternativ 2: Eit prostifellesrådsmedlem frå kvart prostifellesråd / Alternativ 3: Kyrkjemøtemedlemmane valt frå bispedømet og eit prostifellesrådsmedlem frå kvart prostifellesråd (utvalets anbefaling)]

*Valt ved direkteval til bispedømmerådet som i dag.*

*(Her ser det ut som det er ein feil i spørsmålsstillinga).*

## **Kyrkjemøtet**

Bør talet på Kyrkjemøte-medlemmar frå kvart bispedøme fastsetjast (vektast) relativt til medlemstal i bispedømet? [Ja / Nei / Grunngeving i fritext]

*Ja.*

*Men her bør sikrast god representasjon frå område med lågt folke- og medlemstal.*

Bør ordninga med val av prest til Kyrkjemøtet bli avvikla? [Ja / Nei / Grunngeving i fritext]

*Nei.*

*Tilsettrepresentasjon bør verte vidareført.*

Bør ordninga med val av lek kyrkjeleg tilsett til Kyrkjemøtet bli avvikla? [Ja / Nei / Grunngeving i fritext]



*Nei.*

*Tilsettrepresentasjon bør verte vidareført.*

Viss ordninga med val av prest og/eller lek kyrkjeleg tilsett blir avvikla, i kva grad bør prestar og leke kyrkjeleg tilsette vere valføre til Kyrkjemøtet? [Dei bør vere valføre som folkevalde, med unnatak av tilsette på bispedømekontora og i Kyrkjerådet sitt sekretariat / Dei bør ikkje vere valbare / Anna, spesifiser].

*Dei bør vere valbare som folkevalde.*

Andre merknader til Kyrkjemøtet si samansetning? [Fritekst]

*Ingen merknad.*

## **Kyrkjerådet**

Korleis bør Kyrkjerådet veljast hvis det er fleire lister i Kyrkjemøtet?

[Fleirtallsval / Førhaldsval (listeval) / Avtaleval / Avtaleval viss gruppene blir samde. Viss ikkje: førhaldsval / Ei anna ordning. Forklar i fritekst].

*Førhaldsval, om det er fleire lister.*

Korleis bør Kyrkjerådet vere sett saman, viss ordninga med val av prest og lek kyrkjeleg tilsett til Kyrkjemøtet blir avvikla?

[1. Av leiar, 15 andre folkevalde medlemmar og preses i Bispemøtet (utvalet sitt forslag) / 2. Av leiar, elleve andre folkevalde medlemmar og preses i Bispemøtet / 3. På anna vis; spesifiser]

*1. Av leiar, 15 andre folkevalde medlemmar og preses i Bispemøtet (utvalet sitt forslag)*

Korleis bør Kyrkjerådet vere sett saman, viss ordninga med val av prest og lek kyrkjeleg tilsett ikkje blir avvikla? [1. Av leiar, elleve folkevalde medlemmar, fire prestar, ein lek kirkelig tilsett og preses i Bispemøtet (som i dag) / 2. Av leiar, elleve folkevalde medlemmar, ein prest, ein lek kyrkjeleg tilsett og preses i Bispemøtet / 3. På anna vis; spesifiser]

*2. Av leiar, elleve folkevalde medlemmar, ein prest, ein lek kyrkjeleg tilsett og preses i Bispemøtet. Dette alternativet sikrar størst folkevalt forankring.*

Kva alternativ for krav til balanse mellom kvinner og menn i Kyrkjerådet bør nyttast?

[Krav om minst 40 prosent kvinner og menn i Kyrkjerådet etter valoppgjeret / Krav om minst 40 prosent kvinner og menn på vallista]

*Krav om minst 40% kvinner og menn på vallista. Inngrep etter valoppgjeret er ikkje demokratisk.*

## **Del 4. Relasjon til kommunane og ny prostiinndeling**

### **Om relasjon til kommunane**

Dersom Kyrkjemøtet vedtek ei ordning med prostifellesråd;

Kva for nokre av tiltaka som er nemnt nedanfor er viktige for å halde ved lag ein god relasjon mellom kyrkje og kommune? (For kvart alternativ: Svar på ein skala frå 1-5, der 5 er veldig viktig, medan 1 er heilt uviktig)

Vidareføre en ein til ein-relasjon mellom kommune og prostifellesrådet i samband med budsjettprosessar og anna samarbeid mellom kyrkje og kommune, slik det i dag er det mellom kommunane og fellesrådet.

5

Skilje mellom driftsbudsjett og investeringsbudsjett, slik at kommunane kan vere sikre på at investeringar som kommunen gjer kjem kommunen til gode.

*5, men ein bør også sikre mekanismar slik at driftstilskot også kjem kyrkja i aktuell kommune til gode.*

Styrkje kyrkja si rolle som aktør i samskaping for kommunane, ved å skape nye tilbod saman og samarbeide om eksisterande prosjekt.

5

Anna; spesifiser i fritekst.

### **Ein ny prostistruktur**

I kva grad meiner de at utvalet har peika på dei relevante omsyna som det bør leggast vekt på ved fastsetting av nye prostigrenser. Svar på ein skala frå 1-5 der 5 er veldig relevant medan 1 er veldig irrelevant. Er det eventuelt andre omsyn som bør leggast vekt på?

4

I kva grad opplever de dagens prostigrenser som I hvilken grad opplever dagens prostigrenser som føremålstenlege for etablering av prostifellesråd? [Svært føremålstenlege / Nokså føremålstenlege / Verken eller / Nokså lite føremålstenlege / Svært lite føremålstenlege].

2

Andre synspunkt på prostistrukturen, til dømes kva som er ein eigna storleik på eit nytt arbeidsgjevarorgan?

*Storleik er underordna geografisk avstand.*

## Samisk kirkeliv

Bør det veljast ein eigen samisk representant i prostifellesrådet i dei prostia som har minst eitt sokn som ligg i forvaltningsområdet for samisk språk? [Ja / Nei / Grunngjeving]

*Ingen kommentar.*

Korleis kan ein ta vare på samisk kyrkjeliv i ny kyrkjeleg organisering på lokalt nivå?  
[fritekst]

*Ingen kommentar.*

Korleis kan ein ta vare på samisk kyrkjeliv i ny kyrkjeleg organisering med folkevalt organ på prostinivå? [fritekst]

Korleis kan ein ta vare på samisk kyrkjeliv i ny kyrkjeleg organisering på nasjonalt nivå?  
[fritekst]

*Ingen kommentar.*

## Andre innspel eller synspunkt

Viss de har andre innspel eller synspunkt til rapporten eller saka om kyrkjeleg organisering kan de skrive det her [fritekst]

*Vi ønskjer eit samordna arbeidsgivaransvar for alle tilsett i kyrkja.*

*Vi vil styrke soknet, og eit organ representert av dette er det naturlege arbeidsgivarorganet.*

*Vi er uroa for om arbeidsgivarorganet får for stor avstand til soknet sine tilsette og kommunane som bevilgande mynde.*

*Vi ønskjer oss store nok einingar til å kunne ivareta oppgåvene, men samstundes tilstrekkeleg nærleik til våre tilsette og sokna.*

## INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek høyringssvar som det ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.

## MØTEHANDSAMING

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek høyringssvar som det ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.

---

## **SR 2021/49 Gudstenesteplan 1. halvår 2022**

### **UTGREIING**

Soknepresten har sett fram vedlagte forslag til gudstenesteplan for første halvår 2022.

### **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd har ingen merknader til planen slik den ligg føre.

### **MØTEHANDSAMING**

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd har ingen merknader til planen slik den ligg føre.

## SR 2021/50 Offerliste 3. januar til over påske

### UTGREIING

Vedteke offerliste gjeld t.o.m. 02. januar 2021. Ein bør vedta offerliste for over påske 2022. Kyrkjelydsutvala har fått kort frist på innspel før vedtak i soknerådet, men vonleg vil forslag ligge føre til soknerådsmøtet frå alle. Gudstenestelista ut første halvår er lagt.

Kyrkje	Dato	Tid	Type	Offerformål
Askvoll kyrkje	16.01.2022	11:00	Familiegudsteneste	Kyrkjebladet
Askvoll kyrkje	30.01.2022	17:00	Familiegudsteneste	Det Norske Bibelselskap
Askvoll kyrkje	13.02.2022	11:00	Gudsteneste	Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt
Askvoll kyrkje	27.02.2022	17:00	Gudsteneste	Kyrkjelydsarbeid
Askvoll kyrkje	02.03.2022	19:00	Gudsteneste	Kirkens SOS
Askvoll kyrkje	13.03.2022	11:00	Gudsteneste	Kirkens Bymisjon i Bergen
Askvoll kyrkje	27.03.2022	17:45	Temagudsteneste	Kirkens Nødhjelp
Askvoll kyrkje	14.04.2022	18:00	Gudsteneste	Olset Bedehus
Askvoll kyrkje	17.04.2022	11:00	Gudsteneste	Askvoll kyrkje
Bulandet kapell	30.01.2022	10:30	Familiegudsteneste	Kyrkjelydens misjonsprosjekt
Bulandet kapell	27.02.2022	10:30	Gudsteneste	Bulandet Fiskarheim
Bulandet kapell	20.03.2022	10:30	Gudsteneste	Kyrkjelydsarbeidet
Bulandet kapell	18.04.2022	10:30	Gudsteneste	Kyrkjebladet
Holmedal kyrkje	23.01.2022	11:00	Familiegudsteneste	Det Norske Misjonsselskap
Holmedal kyrkje	20.02.2022	11:00	Gudsteneste	Yngres Holmedal
Holmedal kyrkje	06.03.2022	15:00	Gudsteneste	Kirkens Bymisjon i Bergen
Holmedal kyrkje	03.04.2022	15:00	Gudsteneste	Kyrkjelydsarbeidet
Holmedal kyrkje	16.04.2022	22:00	Gudsteneste	Kyrkjebladet
Kvammen kapell	16.01.2022	19:00	Familiegudsteneste	Trusopplæringa i Askvoll
Kvammen kapell	06.02.2022	11:00	Gudsteneste	Det Norske Bibelselskap
Kvammen kapell	13.03.2022	19:00	Gudsteneste	Fasteaksjonen
Kvammen kapell	14.04.2022	11:00	Gudsteneste	Kyrkjelydens Misjonsprosjekt
Vilnes kyrkje	16.01.2022	13:30	Familiegudsteneste	
Vilnes kyrkje	06.02.2022	18:00	Gudsteneste	
Vilnes kyrkje	06.03.2022	11:00	Gudsteneste	
Vilnes kyrkje	17.04.2022	15:00	Gudsteneste	

### INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek offerliste for 3. januar til og med 18.04.2022 i samsvar med innkomne forslag og forslaga som vart lagt fram i møtet.
2. Etter ønske frå kyrkjelydsutvalet i Holmedal (sjå møtereferat sak 1, 29.11.) vert oppsett offerformål 01.01.2022 endra frå Det Norske Misjonsselskap til Holmedal bedehus.
3. Kyrkjelydsutvalet for Vilnes har fullmakt til å setje opp offerlista for våren 2022.

## **MØTEHANDSAMING**

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd vedtek offerliste for 3. januar til og med 18.04.2022 i samsvar med innkomne forslag og forslaga som vart lagt fram i møtet.
2. Etter ønske frå kyrkjelydsutvalet i Holmedal (sjå møtereferat sak 1, 29.11.) vert oppsett offerformål 01.01.2022 endra frå Det Norske Misjonsselskap til Holmedal bedehus.
3. Kyrkjelydsutvalet for Vilnes har fullmakt til å setje opp offerlista for våren 2022.

---

## **SR 2021/51 Konfirmasjonar på laurdag**

### **UTGREIING**

Soknepresten har motteke skriv frå konfirmantforeldre om moglegheiten for fleire laurdagskonfirmasjonar framover. Dette er eit spørsmål soknerådet må ta stilling til.

Vedlagt ligg soknepresten sitt notat i saka som grunnlag for drøftingar i soknerådet.

### **INNSTILLING**

Ingen

### **MØTEHANDSAMING**

Det vart sett fram forslag frå Jostein Gryte om å utsetje handsaminga i soknerådet, til representanter frå Vilnes er representert i møtet.

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Saka vert utsett.

---

## **SR 2021/52 Prostevisitas og førebuing av bispevisitas**

### **UTGREIING**

I samband med planlegginga av vårens bispevisitas i Askvoll, ønskjer prosten å ha ein prostevisitas der han møter staben på dagtid og soknerådet på ettermiddagstid.

Det ligg føre eit forslag om å legge dette møtet til torsdag 6. januar.

### **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd set opp møte torsdag 6. januar kl 17.15, der første del av møtet vert nytta til planlegging av bispevisitas saman med prosten.

### **MØTEHANDSAMING**

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd set opp møte torsdag 6. januar kl 17.15, der første del av møtet vert nytta til planlegging av bispevisitas saman med prosten.



---

## SR 2021/53 Gjeninnføring av kyrkjeofring med kontantar

### UTGREIING

#### *Bakgrunn*

Sidan koronanedstenginga i mars 2020 har ein ikkje hatt høve til å gje kontantar under kyrkjeofringane i Askvoll sokn. Pr. i dag er det ikkje noko formelt i vegen for at ein kan gjenoppta ordninga, etter at alle restriksjonane vart oppheva med verknad frå 25. september 2021.

I løpet av perioden mellom mars 2020 og september 2021 er innskotssafe-ordninga ein tidlegare hadde i Askvoll avvikla, og ein har frå kyrkjeadministrasjonen si side vore kritisk til å gjeninnføre ordninga med kontantofring, fordi ein har sett ressursutfordringar med å få sett inn pengane på bankkonto, då næraste bankfilial er i Dale.

Alternativet til kontantofringar har vore SMS-betaling, som vart erstatta med VIPPS frå mai 2021 og ordinær bankoverføring. Trass desse alternative løysingane har offerinntektene falle dramatisk. Det er ikkje utarbeid noko fullstendig oppsett på kva konsekvensar koronasituasjonen har hatt for offerinntektene, men desse har gått betydeleg ned. Om ein samanliknar månadsnittet for kyrkjeofringar i 2019 før pandemien med månadene februar-september 2021, ser ein at dette er redusert med ca. 2/3, altså ein vesentleg nedgang.

Fleire i kyrkjelydane har, særleg etter at restriksjonane opphøyrde i september, etterspurt moglegheita av igjen å kunne gje kontantar ved kyrkjeofringane, og kyrkjeverja er bedt av soknerådet å utgreie spørsmålet.

#### *Kontantinnskotsordning*

Det er i «normalår» betydelege summar som kjem inn ved kyrkjeofringar. I Askvoll i 2019 utgjorde dette ca. kr 170.000,- fordelt på over 70 enkeltofringar. Dette betyr at det i snitt er vekentleg ca. 1,4 innskot på til saman over kr 3.000,-.

Kyrkjeadministrasjonen har sett utfordringar ved å sette inn pengane i bankfilial i Dale då dette tek tid, og oppbevaring av kontantar over tid bør ein unngå.

Våren 2021 vart det imidlertid etablert eit tilbod om «kontanttenester i butikk», som eit samarbeid mellom Bank Asept og Norgesgruppen. Kiwi Askvoll har dette tilbodet.

Dette tilbodet inneber at ein kan setje inn kontantar i butikken, og få desse inn på bankkonto. Ein treng eit bankkort knytt til aktuell konto. Etter informasjon om ordninga på Kiwi Norge sine heimesider er innskotstenesta gebyrfri.

Det ligg nokre bregrensingar her:

- Maks innskot pr. gang / 30 dagar er kr 20.000,-
- Maks myntinnskot er 25 mynt pr. valør pr. gang

Kyrkjeverja har snakka med dagleg leiar på Kiwi Askvoll som bekreftar at tilbodet også gjeld bedriftskundar. Erfaringsmessig kjem det inn mykje mynt under kyrkjeofringane, og ein vil ofte komme over maksimalbegrensinga på 25 mynt pr. valør. Dette vil uansett ikkje vere eit problem, då ein kan veksle inn mynt i kassa før innskot.

Når det gjeld maksinnskotet på kr 20.000,- pr. gang / 30 dagar bør ikkje dette vere eit problem. Om ein legg 2019-tala til grunn er månadssnittet for ofringar litt over kr 14.000,-, og ein hadde ingen enkeltofringar på over kr 8.000,-. Når vi no også har ei VIPPS-ordning, vil ein truleg også gå ned på kontantandelen. Denne kan beløpe seg til ca. kr 10.000,- pr månad (basert på nokre erfaringstal innhenta frå andre fellesråd som hadde etablert VIPPS-ofring før pandemien). Om ein unntaksvis kjem over kr 20.000,- i løpet av ein månad (t.d. i konfirmasjonstida og jula), kan ein nytte ordinær bankteneste i Dale.

#### *Vurdering*

Med tilbodet «kontanttenester i butikk» ser det ut som at det ikkje er noko i vegen for å gjeninnføre ordninga med kontantofring.

Med tanke på økonomitryggleiken bør det opprettast ein eigen bankkonto for kyrkjeofringar, så bankkort ikkje er knytt til hovudkontoen til soknet.

Det er naturleg at både kyrkjeverje og kyrkjeseekretær bør ha eige bankkort (med eige kortnummer) knytt til offerkontoen for innskot.

## **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd gjeninnfører ordninga med kontantofring, i tillegg til VIPPS, i alle kyrkjene i soknet (med verknad frå vedtaksdato).
2. Kyrkjeverja legg til rette for at ein kan nytte tenesta «kontantordning i butikk» og opprettar eigen bankkonto for offerformål og bestiller bankkort knytta til denne.

## **MØTEHANDSAMING**

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd gjeninnfører ordninga med kontantofring, i tillegg til VIPPS, i alle kyrkjene i soknet (med verknad frå vedtaksdato).
2. Kyrkjeverja legg til rette for at ein kan nytte tenesta «kontantordning i butikk» og opprettar eigen bankkonto for offerformål og bestiller bankkort knytta til denne.

---

## **SR 2021/54 Val av leiar og nestleiar i Askvoll sokneråd**

### **UTGREIING**

Etter Regler om formene for menighetsrådets og kirkelig fellesråds virksomhet § 1, 3. ledd skal det vere val av leiar og nestleiar for soknerådet kvart år.

Valet skulle ha vore føreteke før utgangen av oktober. Valet går føre seg skriftleg. Den som har vore leiar eitt år, kan unnslå seg val påfølgjande år. Valperioden strekker seg frå 1. november til 31. oktober.

### **INNSTILLING**

Ingen

### **MØTEHANDSAMING**

Det vart sett fram forslag frå Arnt Johnny Langeland om attval av leiar og nestleiar.

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Jostein Gryte vart attvald som leiar og Wenche Ness Gabrielsen som nestleiar i Askvoll sokneråd.